



Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3550 - 15/36059

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.11.2015

## Svar på søknad om dispensasjon frå veglova for etablering av open bod- gbnr 107/14 Kolås

Teknisk drift syner til brev datert 23.11.2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av open bod – gbnr 107/14 – Kolåsvegen.

### **Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (open bod) og midt kommunal veg skal være minimum 12,0m.
- Tiltaket skal være plassert som vist på innsendt situasjonskart.
- Vegavdelinga har ikkje teke stilling til ei eventuell ny plassering av terrengmur med rekkverk.

Det er med heimel i Veglova § 29 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtalerDe har ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonsplan

**Kopi til:**

Lindås kommune ved fagsjef veg  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS